



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/1376-2

Sakshandsamar: Jan Olav Hemsing

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst, kultur og idretts utval	04.11.2025	38/25
Kommunestyre	11.12.2025	71/25

Søknad om medfinansiering til Turveg Crosscut Åmdals Verk

Saksframlegg godkjent 27.10.2025.

Åge Verpe

Kommunedirektør

Knut Erik Paulsen

kommunalsjef plan, næring og kultur

Vedlegg

- 1 Søknad om medfinansiering til Turveg Crosscut_Tokke kommune
- 2 Forprosjekt Crosscut_presentasjon
- 3 Uttale frå Tokke idrettsråd - Crosscut Åmdals Verk

Bakgrunn for saka

Åmdal idrettslag søker Tokke kommune om 200 000 kr i stønad til prosjektet Crosscut. Prosjektet har som mål å utbetre dagens sti- og vegsystem kring Åmdals Verk slik at alle får mogelegheit til å oppleve naturen og kulturhistoria i nærområdet. Idrettslaget ynskjer å gruse eksisterande tilkomstveg til Crosscut, sikre betre drenering og oppbygging av vegen. Dei ynskjer og å montere to bruer ved Crosscut og fleshaugen og etablere ein sti langs elva der ein kan ta i bruk naturstein og støypte eller bygde element. Tiltaka skal tilpassast naturen og gjennomførast skånsamt. Den planlagde rundløypa er på om lag 3 kilometer og skal knytte saman eksisterande ferdselsårer, kulturminne og opplevingspunkt.

Tiltaket håpar ein kan bidra til betre besøksforvaltning og tilgang til naturen for tilreisande og tokkebuarar samstundes som ein styrkar lokal kjensla og vilja til friviljug innsats.

Turveg Crosscut er eit samarbeidsprosjekt med brei lokal forankring.

Budsjett Crosscut Utgiftspost	Sum
Turveg Crosscut (grus) 1 km (1000m x 700 kr)	700 000
Turveg/ferdselsveg i elvekanten, 400 m, stål/stein (400m x 5000kr)	2 000 000
Bru Crosscut og bru Fleshaugen (Rennebubjelken)	1 000 000
Grusvegnett koblingar, ca	300 000
Skilting og merking	200 000
Totalt	4 200 000

Vedlagt budsjett for prosjektet Crosscut

Saksutgreiing

Prosjektet er i tråd med kommunens målsettingar innanfor folkehelse og friluftsliv. Samfunnsdelen av kommuneplanen peikar på folkehelseutfordringar som eit kommunalt ansvarsområde og gjev blant anna kommunen rolla som pådrivar for strategiske folkehelseiltak gjennom støtte og aktivt samarbeid. Tokke kommune skal ha tilgjengelege og gode uteområde med universell utforming for å stimulere til aktivitet. Tilrettelegging av turvegar skal ivaretakast og utviklast i eit langt perspektiv.

Saman med prosjektet «langturen» til Vest-Telemark museum og måla for stadutviklingsprosjektet 59* nord vil området få ei positiv utvikling og ringverknadar for større delar av Tokke kommune med auka attraktivitet og turisme.

Finansieringsplanen syner kva tilskotsordningar Åmdal idrettslag skal søkje på for å kome i mål med finansieringa til prosjektet, førebels er prosjektet søknad prekvalifisert hos Friluftrådenes landsforbund. Den største finansieringskjelda for prosjektet er spelemiddelordninga der prosjektet har sett opp 2 millionar i tilskot.

Finansieringsplan Crosscut Finansieringskjelde	Status	Beløp
Spelemidlar (turveg og bruer)	Ikkje søkt	2 000 000
Sparebankstiftingar	Ikkje søkt	500 000
Friluftrådenes landsforbund	Prekvalifisering godkjent	1 500 000
Tokke kommune	Søknad om medfinansiering	200 000
Totalt		4 200 000

Finansieringsplan Crosscutprosjektet

Slik søknaden føreligg er det pr. dags dato ingen midlar i prosjektet, kommunen bør difor sikre at støtta ein eventuelt vedtek først blir utbetala når prosjektet er godkjend i anleggsregisteret og vedtak på fordeling av midlar til prosjektet er gjort av hovedutval for kultur, reiseliv og frivillighet i Telemark fylkeskommune, vanlegvis tidleg i juni same året kommunen sender inn prioriteringslista.

Konklusjon

Tokke kommune stiller seg positive til prosjektet og utviklinga ved Åmdals Verk. Det er lagt ned mykje innsats både økonomisk og friviljug dei siste åra for å løfte fram og betre tilboda lokalt til glede for tilreisande og Tokkebuarar. Crosscut-prosjektet bidreg vidare til utviklinga og har eit god samspel med prosjektet «Langturen» som Vest-Telemark museum tar sikte på å opne til turistsesongen 2026. Crosscut-prosjekt som er i tråd med føreseigna i samfunnsdelen av kommunedelplanen. Tiltaket gjev innbyggjarane i Tokke eit universelt utforma fritidstilbod med lågare terskel for å kome seg ut i naturen, kulturhistoriske intrykk og bidreg til at kommunen når sine mål innan folkehelse.

Kommunedirektørens tilråding

1. Tokke kommune støttar prosjektet Crosscut med 200 000 kr frå disposisjonsfondet
2. Midlane utbetalast frå disposisjonsfondet det same året fylkeskommunen tildeler midlar til søknaden gjennom spelemiddelordninga.